



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Svar - Ber om trekking av motsegn - Alver (Lindås) - fv 57 - Skodvin Vågseidet - gang og sykkelveg - detaljregulering - ref 15/511 FMHO

Vi vier til brev frå Vestland fylkeskommune datert 12.02.2021. Saka gjeld reguleringsplan for fv. 57 Skodvin skule – Vågseide og Statsforvaltarens (tidlegare fylkesmannen) sitt motsegn til planen. Det er no utarbeida ein rapport for å sikra forsvarleg forvaltning av Fjellangervåg og de ønsker ei tilbakemelding på om dette er tilstrekkeleg til å svara ut motsegna frå Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sin vurdering

Rapporten ser ut til å gje ei god oversikt over avrenning til Fjellangervåg og det er gitt ei oversikt over avbøtande tiltak for å sikre forsvarleg forvaltning av Fjellangervåg. Det er også gjort ei vurdering av at det, med avbøtande tiltak, er *«sannsynleg at Fjellangervåg ikke mottar sediment og forurensende stoffer som kan påvirke resipienten negativt.»* Statsforvaltaren vurderer rapporten som eit godt bakgrunnsdokument som i naudsynt grad må arbeidast inn i planen.

Kartmaterialet i rapporten er noko vanskeleg å lese. Vi er også usikre på om vi har siste versjon av plankart og føresegn i vårt arkiv. Fleire av dei avbøtande tiltak ser ut til å krevje inngrep i varierende grad. Etter det vi kan sjå vil minst eit av områda vere utanfor planområdet. Eventuelle nye område må inn i plankartet og verknaden av ny arealbruk må vurderast opp mot til dømes naturmangfald og landbruk. Slik vi ser det kan det vere naudsynt å endre både planskildring, plankart og føresegn for å få inn naudsynte endringar.

Før Statsforvaltaren kan vurdere å trekke motsegna må relevante plandokument oppdaterst og kommunen må ha vurdert planen. Spørsmål om å trekke motsegna må også komme frå kommunen som planstyresmakt.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG